



Fylkesmannen i  
Hordaland

## Utsleppsløyve etter forureiningslova til Statens vegvesen Region vest for Eikåstunnelen på E 39 i Bergen kommune

Fylkesmannen gjev Statens vegvesen Region vest utsleppsløyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Ved endringar som kan ha noko å sei for miljøet, skal Statens vegvesen Region vest søkje om dette sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget av verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

Verksemd	Statens vegvesen Region vest
Gateadresse	Askedalen 4
Postadresse	6863 Leikanger
Kommune og fylke	Bergen kommune, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	974 740 621 eigd av 971 032 081
Gards- og bruksnummer	-
NACE-kode og bransje	84.130 Offentleg administrasjon tilknytt næringsverksemd og arbeidsmarknad
NOSE-kode/kodar	-

### Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
2012.065.T	1201.0574.01	3

Løyve gitt: 6. mars 2011	Endringsnummer: 01	Sist endra: 16.04.2012
John Olav Hisdal e.f. fung. seksjonssjef		Hallvard Hageberg senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift*

<sup>1</sup> Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 39. Gebyr til statskassen for arbeidet til Klima- og forureiningsdirektoratet med løyve og kontroll etter forureiningslova

## Innhald

1. Rammer .....	3
2. Generelle vilkår.....	3
2.1 Ansvar .....	3
2.2 Grenseverdier .....	3
2.3 Plikt til å redusere forurensning.....	3
2.4 Forebyggjande vedlikehald .....	3
2.5 Tiltak ved auka fare for forureining.....	4
2.6 Internkontroll .....	4
3. Utslepp til vatn .....	4
3.1 Utslepp under tunnelbygging.....	4
3.2 Utslipp under drift av tunnel .....	5
3.4 Overvatn.....	5
4. Utfylling Langavatnet.....	5
5. Støy og støv .....	5
6. Overvåking og resipientkontroll .....	6
7. Testing og substitusjon av kjemikaliar .....	6
8. Avfall .....	7
8.1 Generelle krav .....	7
8.2 Handtering av farleg avfall .....	7
8.3 Slam .....	7
9. Akutt forureining og forebyggjande tiltak.....	7
9.1 Miljørisikoanalyse.....	7
9.2 Forebyggjande tiltak .....	7
9.3 Etablering av beredskap .....	8
9.4 Varsling av akutt forureining .....	8
10. Tilsyn.....	8

## 1. Rammer

Løyvet gjeld utfylling i Langavatnet, utslepp av tunnelvatn i anleggs- og driftsfasen og støy frå anleggsdrifta ved bygging av ny tunnel mellom Vågsbotn og Eikås på E 39.

Løyvet for utfylling og anleggsdrift er mellombels og gjeld fram til anleggsperioden er over.

Løyvet for utslepp av overvatn frå veg i dagen og avløpsvatn frå vask av tunnelar i driftsfasen gjeld frå opning av veganlegg og inntil vidare.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Ansvar

Statens vegvesen Region vest er ansvarleg for at verksemda vert driven i samsvar med vilkåra i utsleppsløyvet. Løyvet fritar ikkje verksemda frå å innhente løyve for område som ikkje er regulert av forureiningslova.

Statens vegvesen Region Vest pliktar også å orientere dei som skal gjennomføre utfyllingsarbeidet og dei som skal drive tunnelen om de vilkåra som gjeld.

### 2.2 Grenseverdier

Staten vegvesen Region vest skal halde grenseverdiane i løyvet. Det er eit vilkår at 90 prosent av prøvane skal vera innanfor grensene. I dei resterande 10 prosent av prøvane skal enkeltprøvar ikkje overskridast med meir enn 100 prosent.

Variasjonar i utsleppa skal ikkje avvike så mykje frå normal drift at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forurensning

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønska. Sjølv om verksemda held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, skal verksemda redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Dette gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

### 2.4 Forebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for forebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å sei for utslepp. System og rutiner for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5-7<sup>2</sup>.

---

<sup>2</sup> Internkontrollforskrifta. Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder

## 2.5 Tiltak ved auka fare for forureining

Dersom unormal drift eller andre grunnar fører til fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, og om nødvendig, redusere eller innstille drift.

Statens vegvesen Region vest skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om slikt som har ført til eller kan føre til forureining. Verksemda skal varsle akutt forureining i samsvar med punkt 8.4.

## 2.6 Internkontroll

Verksemda skal ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at Statens vegvesen Region vest følgjer opp krava i dette løyvet og i forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda skal halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen.

## 3. Utslepp til vatn

### 3.1 Utslepp under tunnelbygging

Utsleppsgrensene i tabell 1 gjeld for mellombels utslepp av reinsa vatn frå driving av tunnelen.

Tabell 1: Utsleppsgrenser for tunnelvatn i anleggsfasen

Utsleppskomponent	Konsentrasjonsgrense	Resipient
Olje	5 mg/l	Indre Kipevatn
Suspendert stoff (SS)	100 mg/l	
Ammoniakk (NH <sub>3</sub> )	0,3 mg/l	
pH	< 8	

Vatn frå tunneldriving skal gå via sedimentasjonsbasseng og oljeutskiljar før utslepp innanfor siltgardin i Indre Kipevatn. Om nødvendig må det koplast på ei ekstra filtreringseining for å halde grensa for suspendert stoff og olje. Reinseanlegget skal dimensjonerast etter utrekna maksimale vassmengder. Opphaldstida på avløpsvatnet i sedimentasjonsbassenget skal vere minimum to timar.

Vatn frå tunneldrivinga skal sleppast ut innanfor siltgardin i Indre Kipevatn. Lokaliseringa skal avklarast med kommunen og andre aktuelle partar og faginstansar.

Reinseanlegget skal ha målepunkt på utløpet. Statens vegvesen Region vest skal sørge for at det vert teke prøvar av reinsa avløpsvatn. Det skal takast vekeblandeprove kvar 4. veke som skal analyserast på olje og suspendert stoff.

pH skal målast kontinuerlig i Indre Kipevatnet. Ammoniakk skal målast ein gong for veka dersom ikkje temperatur og pH tilseier at prøver må takast oftare.

Dersom utsleppsgrensene vert overskredne skal utsleppet frå driving av tunnelen stansast opp til avbøtande tiltak er gjennomført.

Reingjering av maskiner og utstyr for betongrestar skal skje på tett flate med avrenning til oljeutskiljar og sandfang. Dersom slik reingjering fører til uheldige utslepp til Haukåsvassdraget må andre tiltak setjast i verk, og verksemda må ha ein beredskap for dette.

### **3.2 Utslipp under drift av tunnel**

Utslepp av rensa vaskevatt skal førast til kommunal ledning. Det skal ikkje brukast såpe ved vasking av tunnelveggane. Krav til rensing er inntil vidare dei same som går fram av tabell under pkt. 3.1 ovanfor. Bergen kommune kan stilla eigne krav til påslepp. Dersom Bergen kommune sine krav til påslepp tillet det, kan Fylkesmannen etter søknad trekkja kravet til rensing av driftsvatt attende.

Etter det som er sagt i søknaden er det ikkje avklart når kommunal ledning står klar. Dersom det i ein overgangsperiode vert aktuelt med utslepp til vassdrag, gjeld utsleppskrava i punkt 3.1.

### **3.4 Overvatn**

Verksemda skal handtere avrenning av overvatn frå veg og tunnel slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet. Særleg viktig er omsynet til elveperlemuslingen i Haukåselva.

## **4. Utfylling Langavatnet**

Utfylling i Langavatnet skal skje i samsvar med vedteken reguleringsplan. Det skal fyllast ut med sprengstein.

Partikkelspreiing under utfyllinga skal hindrast med siltgardin. Internkontrollen for utfyllingsarbeidet skal sikra at siltgardina verkeleg hindrar partikkelspreiing, og skal innehalda program for overvaking/kontroll av dette samt avbøtande tiltak. Relevante deler av internkontrollen for utfylling i Langavatnet skal sendast Fylkesmannen til orientering seinast når utfyllinga startar.

## **5. Støy og støv**

For støy gjeld kapittel 4 i Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) utgitt av Miljøverndepartementet så langt det er relevant for dette anlegget.

Verksemda må leggje opp aktiviteten på ein slik måte at sjenerande støv ikkje blir spreidd i omgjevnadane.

## 6. Overvaking og resipientkontroll

Det skal lagast eit eige program, inkludert rapportering, for prøvetaking av resipientane i Haukåsvassdraget både under anlegget og etter at tunnelen er teken i drift. Programmet skal særleg ta omsyn til å sikra elveperlemuslingen i Haukåsvassdraget, og skal sendast Fylkesmannen til orientering straks det ligg føre.

Statusrapport for aktivitetar og funn skal sendast Fylkesmannen innan 6 veker etter at anleggsperioden er over. Tilsvarande rapport skal sendast inn etter at tunnelen har vore i drift i eitt år. Denne rapporten skal også innehalda forslag til vidare prøvetakingsprogram for Haukåsvassdraget saman med eventuelle forslag til tiltak. Fylkesmannen vil då ta stilling til tiltak og eventuell vidareføring av overvakinga.

Data ein får fram ved overvaking i vatn, medrekna sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på importformatet til *Vannmiljø*, som finst på <http://vannmiljokoder.klif.no>. Her finst òg oversyn over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med kodeverket til *Vannmiljø*.

I tillegg skal det sendast inn ein enkel rapport ein gong kvar veke som syner alle målingar på rensa avløpsvatn og resultatata av den daglege kontrollen med rensanlegget. Rapporten skal lagast i excel eller tilsvarande, og skal sendast til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no).

## 7. Testing og substitusjon av kjemikaliar

Med kjemikaliar meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar som til dømes vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

Kjemikaliar som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal vere testa for kor lett dei lét seg bryte ned, om dei vert akkumulerte i naturen og for toksisitet. Berre laboratorium som er godkjende i samsvar med Good Laboratory Practice (GLP) og/eller akkreditert etter NS-EN/IEC 17025:1999, kan gjere testane.

Verksemda skal ha eit system for substitusjon av kjemikaliar. Ein skal heile tida vurdere faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikaliane som vert nytta, og om det finst alternativ. Både skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst betre alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt ein kan utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>3</sup>

---

<sup>3</sup> Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

## **8. Avfall**

### **8.1 Generelle krav**

Verksemnda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemnda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemnda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda skal sjå til at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta<sup>4</sup>.

### **8.2 Handtering av farleg avfall**

Verksemnda skal handtere farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall. Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal verksemnda sikre, slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal òg sikrast mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan sikrast mot uvedkommande.

### **8.3 Slam**

Slam frå sedimenteringsbasseng, reinseinnretningar og sandfang skal analyserast og leverast godkjent mottak.

## **9. Akutt forureining og forebyggande tiltak**

### **9.1 Miljørisikoanalyse**

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av aktivitetane sine, og vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemnda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemnda skal dokumentere miljørisikoanalysen og den skal omfatte alle aktivitetar som kan medføre akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemnda. Om produksjon og/eller drift vert endra, skal verksemnda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining kan få følgjer for.

### **9.2 Forebyggande tiltak**

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemnda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemnda skal ha eit oppdatert oversyn over forebyggande tiltak.

---

<sup>4</sup> Avfallsforskrifta – forskrift om gjenvinning og behandling av avfall

### **9.3 Etablering av beredskap**

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining om det trengst. Beredskapen skal heile tida vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda representerer.

### **9.4 Varsling av akutt forureining**

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining til lokalt brannvesen i samsvar med gjeldande forskrift<sup>5</sup>. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle.

## **10. Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta føre tilsyn med anlegget når som helst.

---

<sup>5</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining